



Lyse Kraft Da  
Postboks 8124  
4068 Stavanger

Dato: 24.06.2024  
Arkivkode: K2-S10  
Dykkar ref.  
Vår ref. 24/891-2  
24/11514  
Jarle Lunde

## KRAV OM TILLEGGSDOKUMENTASJON FOR VILKÅRSREVISJON, OPPRUSTING OG UTVIDING AV RØLDAL-SULDAL KRAFTVERKA

Me viser til møte mellom Lyse kraft og Suldal kommune 31.05.24, samt seinare samtalar. Kommunen ytra her ønske om eit utvida kunnskapsgrunnlag i tilknyting til utviding og opprusting av Røldal-Suldal kraftverka. Dette for å få eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag og for å kunne gjennomføre ei forsvarleg sakshandsaming.

Dette brevet framsette krava skriftleg. Punkt 1,2 og 4 har kommunen tidlegare framsett munnleg, punkt 3 er nytt.

Setesdal Ryfylke villreinområde blei i 2022 klassifisert til dårleg tilstand og ikkje godkjend etter kvalitetsnorm for villrein. Årsaka til at villreinområdet ikkje tilfredsstiller måla er samansett, men sentralt er at vegar og vasskraftutbygging i kombinasjon med ferdsle i utsette områder har stor negativ effekt på villreinen sine vandringsmøgleheter. Det er eit forvaltningsmål å betre tilstanden. Dette krev ei heilskapleg tilnærming som går utover kommunegrenser. Punkt 1-3 handlar om å auke kunnskapsgrunnlaget me omsyn på konsekvensar for villreinen ved ei utvida vassregulering.

### 1. Villreinen si faktiske arealbruk, samt utbyggingsalternativ

Verneområdestyre for SVR har i brev datert 13.05.24 kome med krav om tilleggsutgreiing om villreinen si nåverande og faktiske bruk av isen på Holmavatnet, og vandringshinder Holmavassåno og Tverrå. I tillegg er det bedt om tilleggsdokumentasjon om utbyggingsalternativ utanfor verneområde. Suldal kommune støttar opp om desse krava og viser til SVR sitt brev.

### 2. Votna, E134 og villrein

Fagrappovert villrein (KU) seiar at «*Pumpekraftverk vil innebære hyppigere svingninger i vannstanden i Votna sett i forhold til dagens situasjon, og det forventes mer*


*oppssprukket is og overvann langs land enn i dagens situasjon. Dette vil bidra til å redusere villreinens muligheter for å trekke over isen på Votna vinterstid.»*

Områda kring Votna er eit viktig vinterbeiteområde. Dyra i Setesdal Ryfylke nyttar også områda aust for Valldalsvatnet (Hardangervidda). Generelt er område kring Votna eit vanskeleg trekkområde for villrein. Reguleringsmagasinet, E134 og ferdsle utgjer ein barriere. GPS-data viser at trekk skjer enkelte år opp ei bratt fjellsida i Dyrskar over dagens tunell, m. a. vinteren 2024.

Det er eit viktig forvaltningsmål å betre trekkmoglegitene og utveksling mellom Setesdal Ryfylke og Hardangervidda over E134.

Statens vegvesen skal bygge ny vegtrasé for E134 mellom Vågslid i Vinje kommune og Seljestad i Ullensvang kommune. Delstrekning av dette er Dyrskartunellen fra Liamyrane til Ulevåvatnet. Prosjektet er rekna som positivt for villreinen då trafikk/ferdsle vil forsvinne vinterstid.

Fagrapporrt villrein vurderer ikkje framtidig regulering av Votna i dette perspektivet. Når dagens E134 forsvinn er det vinterstid vesentleg potensiale for auka villreintrekk over Votna til Tarjebudalen og Holebudalen. Her er det minst motstand i landskapet. Dette må utgreiaast.



Kartet viser planlagt tunell (rød), gps-punkt frå merka villrein vinteren 2024 og potensielle framtidige trekkuter for villrein (pil)

### 3. Litteraturstudie på isproblematikk og simulering (OneImpact) av villreinen si bruk

I ti år har forskarar i NINA jobba med å lage ein metode kalla OneImpact som kan vise kor mykje veg, dam eller hyttefelt påverkar naturen, og kor stor effekt ulike miljøtiltak har i den store samanhengen. Villrein er brukt som eksempel for å utvikle datamodellen. LYSE kraft har vore med å finansiert dette gjennom forskingsprogrammet RenRein.

Som eit supplerande kunnskapsgrunnlag må ein sjå om det er mogleg å simulere kva det vil bety med endra isforhold på Holmevatnet og Votna med bruk av simuleringsverktøyet. For sistnemnde må ein og simulera kva det betyr å fjerne E134 vinterstid. Dette for å sjå veggen i samanheng med regulering av Votna og total belastning.

Det er og naudsynt å beskrive villreinen si bruk av isen på naturlege innsjøar versus «normale» reguleringsmagasin og reguleringsmagasin for pumpekraftverk. Det er lite erfaringar i Norge på dette og ein må gjennomføre ein litteraturstudie. Ei simulering med OnelImpact må sjåast i samanheng med dette og lokale GPS-data.

#### 4. Erosjon i reguleringsmagasin i Grubbedalen

Det er massive erosjonsskader i Indre Grubbedalstjødn, Midtre Grubbedalstjødn og truleg og i Djupetjødn. Stiar og dyretråkk er rast ut. Det raser ut litt år for år. Enkelte stader er det ein bratt kant som utgjer risiko ved ferdsel. Bilda nedanfor viser døme (Foto: Frode Bråtveit).

Det må utgreiast ei løysing på problemet. Det må blant anna vurderast eit alternativ der vatnet kan renne frå Midtre Grubbedalstjødn i dagens tunell utan noko teknisk installasjon og utan regulering. Videre la Djupetjødn og Indre Grubbedalstjødn renne naturleg ned til midtre Grubbedalstjødn, utan regulering.





Med helsing

Dagfinn Svadberg Hatløy  
Einingsleiar Bygdeutvikling

Jarle Lunde  
Rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Kopi til:**

Trond Erik Børresen  
Norges Vassdrags- Og Energidirektorat  
(nve)  
Ullensvang Kommune  
Vinje Kommune

Postboks 5091	0301 Oslo
Majorstua	
Opheimsgata 31	5750 Odda
Vinjevegen 192	3890 Vinje